

NYNORSKOPPLÆRING

EIT BLAD FRÅ NASJONALT SENTER FOR NYNORSK I OPPLÆRINGA

NR. 39 • HAUSTEN 2023



Betre opplæringslov – betre nynorskopplæring

TEKST: **Synnøve Marie Sætre**, senterleiar for Nynorsksenteret

PÅ NYNORSKSENTERET ER ME opptekne av at alle skal få ei god nynorskopplæring, uavhengig av kvar i skuleløpet ein er, og om ein lærer nynorsk som hovudmål eller som sidemål. Det er mange ulike faktorar som spelar inn for å kunne gje elevane ei god nynorskopplæring. Det er til dømes viktig med god tilgang på læremiddel og læringsressursar på nynorsk.

2. juni i år (2023) vart den nye opplæringslova vedteken i Stortinget. Det har vore ein lang prosess, og me har heile vegen arbeidd for ei opplæringslov som skal gje nynorsken betre vilkår i skulen. Eit av dei viktigaste krava våre er at lova må vere tilpassa dagens digitale skulekvardag.

Når bruken av læringsressursar er så omfattande som han er, og når opplæringslova så

langt berre har stilt krav om språkleg parallellitet til læremiddel, er det opplagt at det òg må stillast språkkrav til dei læringsressursane som er utvikla til bruk i skulen. På den måten sikrar ein at det elevane faktisk møter i skulen, finst både på nynorsk og bokmål. Trass i all fornuft, og utan gode grunngevingar, gjekk ikkje fleirtalet i Stortinget inn for eit slikt krav. Forstå det den som kan.

Det er likevel nokre lyspunkt å trekkje fram i den nye opplæringslova. Eit skriveprogram kan vere ei god støtte i skriveopplæringa. I alle fall om programmet du brukar, støttar språket du skriv på. Skriv du derimot nynorsk i til dømes Google sitt skriveverktøy, er det meir til hinder enn til hjelp, og du får raude strekar under det som er

riktig. Ifylgje den nye opplæringslova må skular frå og med skuleåret 24/25 bruke skriveprogram som støttar både nynorsk og bokmål. Det er ein stor nynorsksiger, og det kjem alle elevar til gode, anten dei har nynorsk som hovudmål eller sidemål.

TYDELEGE LOVKRAV kan bidra til betre nynorskopplæring. Kravet om skriveprogram som støttar nynorsk, er eit godt døme på det. På same måte treng me eit tydeleg lovkrav om læringsressursar på nynorsk, slik at elevane i større grad vert eksponerte for språket dei skal lære og bli trygge i. Me som driv med nynorskopplæring, veit det så inderleg vel, og arbeidet for at det skal sige inn hjå dei som bestemmer, held fram.

NYNORSKOPPLÆRING nr. 39, 17. årgangen

BLADSTYRAR: Ingvild Myklebust Hovden

FORMGJEVING: Arild Torvund Olsen

SPRÅKVASK: Ole Jan Borgund og Arild Torvund Olsen

SKRIFTTYPAR: Zeitung og Dolly

PRENTEVERK: Tinde design & trykk AS

FRAMSIDE: Rune Markhus

ISSN: 1890-3975

ISSN FOR NETTUTGÅVA: 1891-1633

NYNORSKOPPLÆRING vert gjeve ut av Nynorsksenteret.

Send eit e-brev til ror@hivolda.no for å få bladet gratis i posten.

Hugs å sende med namnet og adressa di!

Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa

Høgskulen i Volda, Postboks 500, 6101 Volda

nynorsksenteret.no

Skulestart er eit godt høve til å gå over språkinnstillingane – både på di eiga maskin og på elevmaskiner og -brett.

Sjekk innstillingane!

TEKST: Arild Torvund Olsen FOTO: Ingvild Myklebust Hovden



Du finn innstillingshjelp på nynorsksenteret.no/digitale

VEL NYNORSK TASTATUR/INNDATASPRÅK. Der-
som du vel bokmålstastatur, trur stavekontrollen
at du skriv bokmål. Hugs å ordna det på lærar-
maskinene òg; innstillingane dine kan påverka
språkmiljøet til elevane når du lagar dokument
dei skal fylla ut eller arbeida vidare med.

LAG DEG EI SJEKKLISTE over appar og digitale
læremiddel som er i bruk i klassen. Vel nynorski

innstillingane, og sjå til at alle er installerte i ny-
norskutgåve. Pass på at alle snarvegar på skrive-
bordet går til nynorskutgåver (ofte krev det at du
ordnar alle språkval og språkinnstillingar før du
lagar ein snarveg).

SET NYNORSK SOM FØRETREKT SPRÅK i operativ-
systemet, slik at du får nynorsk på dei nettsidene
og programma som tilbyr det.

INNHALD

- 2 Betre opplæringslov – betre nynorskopplæring**
av Synnøve Marie Sætre
- 3 Sjekk innstillingane!**
av Arild Torvund Olsen
- 4 Sju sidemålsprinsipp**
av Jorid Saure
- 6 Ein ny generasjon kartleggingsprøver**
Anne Marta V. Vadstein og
Liv Kristin Bjørlykke Øvereng
- 8 Ressursar frå Nynorsksenteret**
- 12 Nynorsk for innvandrarar? Sjølvsagt!**
av Toril Kristin Sjø og
Guro Kristin Gjøsødal
- 14 Megasuksessen Maria Parr**
av Heidi Fagna
- 16 Skap ein kultur for lesing!**
av Isabella Pareliussen
- 18 Finn bøker på nynorskbok.no**
av Ingvild Myklebust Hovden
- 19 Den nye venskapssongen**
av Ingvild Myklebust Hovden
- 20 Nynorsk på 1-2-3**
av Arild Torvund Olsen og
Kristoffer S. Mathisen

Ny skulestart, nye moglegheiter til å drive nynorskopplæring!

Sju sidemålsprinsipp

TEKST: Jorid Saure FOTO: Ingvild Myklebust Hovden



Kva er ei god opplæring i nynorsk som sidemål?

Vi på Nynorsksenteret har samla sju prinsipp som fremjar god opplæring i nynorsk som sidemål. Bruk prinsippa som eit grunnlag for å planleggje det komande skuleåret, og tenk på korleis du kan tilpasse språkopplæringa med utgangspunkt i punkta. Lukke til med skuleåret som ventar!

MIDTEN AV AUGUST er ei spennande tid på året for både elevar og lærarar. Eit nytt skuleår gir nye moglegheiter. Kanskje har du eit ønske om å arbeide meir tverrfagleg, vere meir kreativ, gjennomføre engasjerande leseprosjekt eller tilby elevane nye og motiverande skriveoppdrag? Kanskje er det akkurat dette skuleåret du vil teste ut nye inngangar til nynorskopplæringa?

Vyane er store og lærarmotivasjonen på topp i midten av august. Difor er det så viktig å utnytte dei oppladde arbeidsbatteria til å lage gode undervisningsplanar for halvåret eller skuleåret. Eit godt planlagt skuleår kan føre til større engasjement og motivasjon hjå elevane og til eit rikare læringsutbytte.

1 Eksponer elevane for nynorsk

Eksponering for språk er den viktigaste kjelda til språkleg kunnskap og kompetanse. Bokmål dominerer i tekstane elevane les, difor er det så viktig at dei får møte mest mogeleg nynorsk i skulen. Elevane treng å lese mykje nynorsk og å lytte til nynorsk, både analogt og digitalt. Vel nynorsk der du kan, og bruk nynorsk i skriftleg kommunikasjon med elevane, på tavla, i planar og informasjonsskriv. Når elevane møter nynorsk ofte, kan nynorsk bli enklare både å lese og å skrive.

2 Finn tekstar som skaper engasjement og tilknytning til språket

Engasjement er eit nøkkelord når ein vil vekke leselysta i ungdommar. Dersom elevane får lese aktuelle nynorske tekstar som dei kan knyte til eige liv og eigne erfaringar, aukar sjansen for at dei blir motiverte og engasjerte når dei les. Elevane treng å møte nynorske tekstar som dei har lyst til å lese, og som dei meistarar å lese. Når elevane engasjerer seg i tekstane dei les, står ikkje språket i vegen for leseopplevinga. Dette kan gjere dei motiverte til å lese nynorsk og auke sjansen for at dei kjenner seg heime i det nynorske skriftspråket.

3 Skriv nynorsk ofte

Skal elevane bli flinke til å skrive nynorsk, treng dei mengdetrening. Difor er det viktig å leggje til rette for ei rekkje ulike skrivesituasjonar der elevane får utforske ulike måtar å uttrykke seg på gjennom skrivinga. La elevane skrive nynorsk jamt, prøve seg på ulike teksttypar og både korte og lange tekstar. Å skrive kort og ofte er betre enn å skrive sjeldan og langt. Du treng ikkje vurdere alt alltid.

4 Knyt grammatikk og tekstskaping saman

God nynorsk grammatikkopplæring er knytt til meiningsfulle kontekstar. Lausriven gramma-

tikkopplæring åleine gjer ikkje elevane til betre skrivarar. Elevane skal lære grammatiske omgrep og nynorsk grammatikk, samtidig som dei brukar det dei lærer, i si eiga skriving. La elevane erfare og forklare korleis grammatisk kompetanse kan gjere dei til betre skrivarar.

5 Utforsk språket

Gjennom å utforske språk får elevane setje ord på og bli medvitne eigen og andre sin språkompetanse. Når elevane undersøker likskapar og ulikskapar mellom talespråk og ulike skriftspråk, får dei hjelp til å sjå særtrekk ved dei ulike språkssystema. Språklege samtalar kan også hjelpe elevane til å sjå likskapar og ulikskapar mellom skriftleg og munnleg språk.

6 Integrer nynorsken i ulikt norskfagleg arbeid

Elevane treng å møte nynorsk som eit brukspråk i norskfaget. Gjer det å skrive nynorsk til ein naturleg del av norsktimane gjennom å kople lesinga og skrivinga opp mot ulike målsetjingar i faget. La elevane skrive nynorsk i kunnskaps-tileigninga, og la elevane bruke nynorsk når dei skal utforske tankane og refleksjonane dei har om eit tema. Alt som kan gjerast i norskfaget, kan gjerast på nynorsk.

7 Bruk nynorsk i andre fag enn norsk

Nynorsk er eit funksjonelt bruksspråk som ikkje berre høyrer til i norskfaget. La elevane skrive nynorsk når dei jobbar med tverrfaglege oppgåver, og bruk nynorsk som hovudspråk i fleire fag gjennom ein lengre periode. Det gir elevane naudsynt mengdetrening i nynorsk, samstundes som det synleggjer nynorsk som eit bruksspråk i andre fag enn norsk.

Dei nye kartleggingsprøvene i lesing er utvikla for å vere motiverande å gjennomføre og for å gi læraren nøyaktig informasjon om kva elevar som strevar, treng oppfølging på.

Ein ny generasjon kartleggingsprøver

TEKST: Anne Marta V. Vadstein og Liv Kristin Bjørlykke Øvereng FOTO: Ingvild Myklebust Hovden



DEI NYE KARTLEGGINGSPRØVENE er utvikla av Lesesenteret på oppdrag av Udir, med Nynorsk-senteret som ein del av arbeidsgruppa. Medan prøvene for nynorskelevane tidlegare var omsette frå bokmål, er dei nye prøvene utvikla parallelt på begge skriftspråka.

For 3. trinn er prøva obligatorisk, og for 1. trinn er prøva valfri, men det er anbefalt å gjennomføre ho. Kartleggingsprøva gir viktig informasjon om dei elevane som treng ekstra oppfølging for å bli gode lesarar. Oppgåvene er tematiserte i ordlesing, tekst- og setningslesing, staving og språkforståing, som til saman gir informasjon om leseflyten til elevane. I oppfølginga etter prøva er det svært viktig å ikkje øve på delferdigheiter separat, men inkludert i lesinga som heilskap. Å kunne lese med flyt handlar om meir enn å kunne lese utan å stoppe opp. Det handlar om å forstå det ein les. I oppfølgingsarbeidet er det lagt vekt på korleis læraren kan hjelpe elevane til å få auka leseflyt. I «Bruer inn i teksten»-opplegget er dette vist gjennom døme frå klasserommet og ulike kort som læraren kan bruke direkte saman med elevane.

Ein viktig føresetnad for dei nye kartleggingsprøvene i lesing er at dei berre skal identifisere dei elevane som skårar lågast. Ofte har læraren på førehand kunnskap om kven desse elevane er, men prøva kan hjelpe læraren å sjå kvar dei treng ekstra støtte i leseutviklinga. Dei digitale prøvene er laga slik at dei skal ta kortare tid å gjennomføre, særleg med tanke på at elevar som strevar, skal sleppe å sitje lenge med for vanskelege oppgåver. Det er likevel slik at dette er første generasjon digitale prøver, og også desse har rom for utvikling vidare. Prøva har potensial til å bli endå kortare og meir adaptiv i neste runde, men tilbakemeldingane frå lærarar og elevar viser at ho er på rett veg. Elevane som har gjennomført

Det er viktig å utvikle leseprøver parallelt på nynorsk og bokmål fordi det er ulike utfordringar knytte til å vere brukar av kvart av skriftspråka.

prøva, seier at dei likte godt mellom anna å skulle hjelpe ein gut å skrive ønskeliste, eller å skulle klikke på ordet dei høyrde opplese, i ein illustrasjon.

Det er viktig å utvikle leseprøver parallelt på nynorsk og bokmål fordi det er ulike utfordringar knytte til å vere brukar av kvart av skriftspråka. Ikkje alle oppgåver som blir utvikla på bokmål, gir same prøveresultat om ein omset orda direkte til nynorsk. På den andre sida er det nynorskspesifikke ord og særdrag som er relevante å inkludere i ei prøve for nynorskelevar. Den største utfordringa i arbeidet med nynorskversjonen av kartleggingsprøva har vore å finne ord og oppgåver som er på same vanskenivå som i bokmålsprøva, og ord som elevane har møtt tilsvarende mange gonger tidlegare. Dei førebelse resultatane av prøva på 3. trinn viser at det er grunnlag for

meir forskning rundt kva tekstar og ord nynorskelevane møter fram til dei er 8 år, og korleis dette verkar inn på leseutviklinga deira. Dette handlar om at nynorskelevane møter færre tekstar på hovudmålet sitt enn bokmålelevane gjer. I kartleggingsprøva har vi derfor styrt unna ord som også nynorskelevane mest truleg berre har møtt i bokmålsform, til dømes enhjørning/einhyrning, fordi kartleggingsprøva ikkje skal måle nynorsk rettskriving, men leseforståing.

Etter gjennomføringa av prøvene er det viktig å kome raskt i gang med oppfølgingsarbeidet. Ved å setje inn tiltak tidleg kan ein hjelpe elevar som strevar, til å få normal leseutvikling. På nettsidene nynorsksenteret.no og lesesenteret.no finn du lærarressursar knytte til oppfølgingsarbeidet etter kartleggingsprøvene i lesing.



I dei nye kartleggingsprøvene møter elevane slike fargerike illustrasjonar.

RESSURS FOR BARNEHAGEN OG BARNESKULEN


Berte og Iver

berteogiver.no

No er aktivitetssidene Berte og Iver oppdaterte og utvida med nytt innhald. Sidene inneheld språkstimulerande aktivitetar tilpassa dei eldste i barnehagen og dei yngste i barneskulen. Barna kan leike, improvisere og eksperimentere med rim, språklydar, staving og ord. Dei kan lytte til eit knippe nynorske barnebøker, utforske verdsrommet, gå på bokstavjakt og sjå korte animasjonsfilmar til inspirasjon for vidare arbeid.



På nynorsksenteret.no/barnehage finn du tips til korleis du kan ta sidene i bruk. Opplegga kombinerer bruk av digitale verktøy med fysisk materiell og gruppeaktivitetar, slik at arbeidsmåtane vert allsidige og leikbaserte med mykje rom for samhandling. Aktivitetssidene er delte opp i ulike rom ein kan utforske – leikerom, kjøken, stove, hage og observatorium – og kan brukast på både datamaskin og nettbrett.



RESSURSAR FOR BARNESKULEN



Nynorsk leseaksjon

nynorsksenteret.no/leseaksjon

Arranger ein eigen leseaksjon med nynorsk barnelitteratur, og ta elevane med til Boktopia. I denne ressursen får du hjelp og idear til korleis du kan arrangere ein leseaksjon med nynorske bøker eller nynorske forfattarar.

Lesemoro året rundt

nynorsksenteret.no/lesemoro

Variasjon er viktig, også i leseopplæringa.

Gjennom ark med ulike leseoppdrag kan ein stimulere til lesing både heime og på skulen.



ILLUSTRASJON: DAVID
REVOY (CC-BY 4.0)

Bok på 1-2-3

nynorsksenteret.no/123

Bok på 1-2-3 er tverrfaglege undervisningsopplegg til gode, nynorske barnebøker. Opplegga er prega av leik, undring og læreglede og er utforma slik at dei er enkle å ta i bruk i klasserommet. Bok på 1-2-3 inneheld opplegg til kring 40 nynorske barnebøker, både klassikarar og nye utgjevingar.




Jon Fosse i barneskulen

nynorsksenteret.no/fosse

Jon Fosse skriv også for born. På mange måtar enkelt, om enn med fleire botnar av forståing. Dette skapar engasjement og vegar til utøvande skrivekunne! Nynorsksenteret har to ressursar utvikla med utgangspunkt i barnebøkene *Kant* og *Fridtjov & Ingebjørg*.

RESSURSAR FOR UNGDOMSSKULEN OG VGS.



Samtidslyrikk: Kvit, norsk mann

nynorsksenteret.no/kvit

I lyrikksamlinga *Kvit, norsk mann* fortel Brynjulf Jung Tjønn om erfaringane han har hatt som adoptivbarn, og han set søkjelyset på identitet, tilhørslse og rasisme. Gjennom høgtlesing, skriveoppgåver, tekstsamtalar og innspeling av podkast skal elevane reflektere over slagkrafta i dikta til Tjønn og kva dei seier om det norske samfunnet.



Ungdomsserie: Rykker

nynorsksenteret.no/rykte

Den nye NRK-ungdomsserien *Rykker* tek opp fleire problemstillingar knytte til det å vere tenåring. Gjennom å bruke læringsopplegget vi har laga til serien, får elevane arbeide med spørsmål om identitet, ryktespreiing, gruppepress, sosiale medium og venskap, samstundes som dei må lese og skrive nynorsk over ein lengre periode.

Vidaregåande:

Eksamen på nynorsk

nynorsksenteret.no/eksamen

Treng elevane dine eksamenstrening?

Med dei nye læreplanane etter LK20 kjem det også nye eksamensoppgåver i norsk. Nynorsksenteret har laga sju døme på kortsvarsoppgåver og fem døme på langsvarsoppgåver etter mønster frå eksempeloppgåvene til Udir. Vi har også laga ei forklaring av verb som er mykje brukte i eksamensoppgåver.





Novelle: Heime-aleine-fest

nynorsksenteret.no/heime

Terje Torkildsen har på oppdrag for Nynorsksenteret skrive ei novelle for ungdomar. Nynorsksenteret har laga to undervisningsopplegg til novella. I det eine skal elevane skrive vidare på novella og lage digi-tale forteljingar. Opplegget er basert på tre ulike skriveoppdrag, er elevengasjerande og kreativt, og er enkelt å ta i bruk i klasserommet. Det andre opplegget inneheld samtale- og skriveoppgåver.



30-leiken

nynorsksenteret.no/30

Gjer deg klar for norsktid ute med dette sporløpet, som er ferdig til utskrift. Her skal elevane finne postar med grammatikkoppgåver ute i terrenget. Målet med opplegget er at elevane skal diskutere og samtale om nynorsk grammatikk.



Langlesing: Punkaren som vart meisterkock

nynorsksenteret.no/kokk

Elevane får lese eit portrettintervju med den tidlegare punkaren Christopher Haatuft, som i dag er meisterkock og driv tre populære restaurantar i Bergen. Teksten kan vere med på å inspirere elevane til å ha trua på egne evner. I oppgåvene arbeider ein også med nokre kjenneteikn i nynorsk språkføring, til dømes samsvarsbøying og aktiv form.



Tekstsamling: Noveller og korttekstar

nynorsksenteret.no/noveller

På sidene til Nynorsksenteret finn du ei liste over nynorske noveller og kortprosatetekstar som er tilgjengelege på nettet. Du finn peikarar til tekstane.

Det er ein myte at det er vanskelegare for innvandrarakar å lære nynorsk.

Nynorsk for innvandrarakar? Sjølvsagt!

TEKST: **Toril Kristin Sjo** (Universitetet i Oslo) og **Guro Kristin Gjødal** (Nynorsksenteret) FOTO: **Ingvild Myklebust Hovden**



MANGE SOM SKAL lære nynorsk, vert meir motiverte når dei får lære om og forstår bakgrunnen til språket. I Noreg har språkmangfald høg status, og dialektar blir brukte overalt i det offentlege. Det er ikkje vanskelegare å lære nynorsk enn bokmål, viser forskning og erfaring frå feltet (Grimstad & Osdal, 2007, Fondevik & Osdal, 2018). Tvert om gir det moglegheiter i språklæring og integrering (Heide, 2017).

Dersom ein vert gjort merksam på at nynorsk er eit funksjonelt og levande skriftspråk som kan brukast i alle samanhengar, blir det også enklare å ta det i bruk. Vi håpar at de som er lærarar for innvandrarar, er eller kan bli merksame på denne samanhengen og bli inspirerte til å drive god nynorskundervisning.

Her går vi gjennom nokre påstandar du som lærar kan møte på i fleirkulturelle klasserom.

Påstand 1: Det er meir krevjande å lære nynorsk enn bokmål

Det kjem an på kva perspektiv du har. Nynorsk er lettare å lære dersom ein bur i område der dialekten er nynorskneær, og nynosker er i vanleg bruk som hovudmål i opplæringa og i samfunnet. Nynorsk er meir regelrett og er basert på det munnlege språket. Men bokmål blir ofte oppfatta som lettare fordi det er mykje meir tilgjengeleg i stor-samfunnet.

Påstand 2: Skriftspråket nynorsk er eit lite språk, eit lite brukt språk, og berre eit regionalt språk

Nynorsk er blant dei 200 største av dei 7000 språka i verda (Haugan, 2018). Det er dobbelt så stort som islandsk. Dialektar som er nynorsk-nære, er ikkje rekna med. Nynorsk er eit offisielt og nasjonalt språk som blir brukt i heile landet, og som gjer det enklare å forstå dialektar

nasjonalt. Dei som har lært nynorsk, forstår lettare dialektar. Vi møter dette språkmangfaldet i kvardagen, både i storbyar og på mindre stader. Når du kan nynorsk, har du ein kompetanse som mange i majoriteten ikkje har! Dette gjev moglegheiter.

Påstand 3: Ingen snakkar nynorsk

Det går heilt fint an å snakke normert nynorsk talemål. Det gjer mellom anna lærarar og innlærarar i språkopplæring, journalistar, skodespelarar og andre (Hauge, 2021).

Påstand 4: Nynorsk er ikkje eit akademisk språk

Nynorsk er førebiletleg når det kjem til effektiv og god språkføring og klart språk (Kunnskapsdepartementet, 2023). Noko av det vi liker best ved nynorsk, er det munnlege førebiletet: kort, klart og konsist i alle samanhengar.

Påstand 5: Det er ikkje tilstrekkelege ressursar for målgruppa

Det er tilstrekkelege og gode ressursar tilgjengelege for god nynorskopplæring til målgruppa, men ikkje nok. Med bruk og krav arbeider vi for at ressursar på nynorsk berre skal bli betre. Saman får ein gjort meir enn åleine, og faglege fellesskap der ein kan samarbeide om og dele utviklingsarbeid og ressursar, kan styrke og lette arbeidet for alle.

Innlærarar som lærer nynorsk, får ein brei og heilskapleg norskkompetanse som ligg tett opp til dialektar i lokalsamfunnet og storsamfunnet. Denne utvida språkkompetansen er gull verd i integrering.

Kjelder

Fondevik, B. & Osdal, H.R. (2018). Norsk som andrespråk = bokmål? I Gujord, A.H. & Randen, G.T. (red.). *Norsk som andrespråk – perspektiver på læring og utvikling*. Cappelen Damm Akademisk.

Grimstad, B.F. & Osdal, H.R. (2007). *Nynorsk i andrespråksopplæringa*. Arbeidsrapport nr. 210. Høgskulen i Volda.

Haugan, J. (2018). Visste du at det finst rundt 7000 språk i verda? Henta frå <https://framtida.no/2018/05/16/visste-du-at-det-finst-rundt-7000-sprak-i-verda>

Heide, E. (2017). Det norske språkmangfaldet og opplæringa i norsk som andrespråk. I *Norsklæreren*. Landslaget for norskundervisning.

Hauge, P.L. (2021). Noregs Mållag. Dialekt og normert nynorsk talemål – ja takk begge delar! Henta frå <https://www.nm.no/dialekt-og-normert-nynorsk-talemål-ja-takk-begge-delar/>

Kunnskapsdepartementet (2023). *Frå ord til handling. Handlingsplan for norsk fagspråk i akademia*.

Bøkene hennar er fulle av kvardagar og vanlege menneske med heile spekteret av kjensler, men forklart gjennom Maria Parr-filteret blir det løfta til noko heilt eige og litt magisk. Men den stadige samanlikninga med Astrid Lindgren synest ho blir litt billig.

Megasuksessen Maria Parr

TEKST: Heidi Fagna FOTO: Ingvild Myklebust Hovden



MARIA PARR HAR ein heilt spesiell posisjon i barnebokverda. Samlaget kallar henne for norsk barnelitteraturs superstjerne. Bøkene hennar sel godt, både i Noreg og i stadig nye land. Ho har sankt dei fleste prisane som finst. Allereie for debutboka vart ho nominert til den prestisjetunge Brageprisen. Ho fekk Brageprisen for bok nummer to, om Tonje Glimmerdal. Og nokre år seinare fekk ho ein Bragepris til for den tredje romanen sin, *Keepere* og *havet*. Det er ikkje berre lett å gi ut bøker når forventningane er så høge.

– Eg har prøvd å insistere på at det aldri skal vera eit problem, for det er jo berre ein fin ting. Men viss eg skal vera heilt ærleg, så kan det også vera vanskeleg å vita at alt eg skriv, skal bli målt opp mot det eg har gjort før. Eg har av og til måtta jobba litt mentalt for å leggja det vekk, for det er den mest lammande kjensla i verda å tenkja sånn, seier Parr i den nye episoden av podkasten Bakom boka.

Fire romanar for barn

Maria Parr debuterte med *Vaffelhjarte* i 2005. Her møter me Lena og Trille som bur i bygda Knert-Mathilde. Dei leikar med kvarandre, farfar og tante-farmor, dreg ut i båten, lagar taubane og jonsokbål.

I 2009 kom *Tonje Glimmerdal*, som vart det store gjennombrøtet hennar. Der møter me den viltre og artige Tonje, som lærer oss at alt du treng, er fart og sjølvtilitt.

Etter suksessane med *Vaffelhjarte* og *Tonje Glimmerdal* var det stille i fleire år. Og så, i 2017, kom endeleg den neste barneromanen: *Keepere* og *havet*. Her får lesarane komma tilbake til Knert-Mathilde, der Lena og Trille er i ferd med å nærma seg ungdomstida.

BAKOM BOKA

Bakom boka er ein gratis podkast frå Nynorsksenteret. Der kan du høyra heile portrettet med Maria Parr. I tillegg kan podkasten by på samtalar med forfattarar som Kari Stai, Brynjulf Jung Tjønn, Hilde Myklebust, Terje Torkildsen, Agnes Ravatn og Roald Kaldestad.

Du finn Bakom boka der du høyrer podkast, og på nynorsk bok.no/bakom-boka/

BAKOM BOKA

– ein podkast frå Nynorsksenteret

I den nye boka *Oskar og eg* opnar Parr eit nytt univers for oss. Me møter søskena Oskar og Ida og familien og vennene deira. I kjend Parr-stil er her kvardagsliv, artige sprell og merkedagar, både på godt og vondt. Veslebror Oskar sjarmerer og frustrerer storesøstera, som fortel historia.

Ei moderne Astrid Lindgren

Maria Parr blir ofte samanlikna med barnebokdronninga Astrid Lindgren. Så er også koplingane mange: Spira til *Vaffelhjarte* vart sådd etter at 15 år gamle Maria hadde skrive særnemne om Astrid Lindgren. Tonje Glimmerdal gir assosiasjonar til Ronja Røvardotter, og har også ein del Pippi Langstrømpe i seg.

Begge er kjende for å skriva varmt, klokt og leikent, og med ei heilt eiga forståing for barnet.

Begge har skrive gode historier som står seg over tid. Begge har laga figurar som rører ved oss, både på godt og vondt. Parr har likevel eit ambivalent forhold til samanlikninga.

– Forfattarskapen hennar har betydd utruleg mykje for meg, og eg kjem alltid til å ha eit sterkt forhold til Astrid Lindgren. Dei første gongene eg vart samanlikna med henne, prøvde eg å vera roleg utanpå, medan eg stupte kråke innvendig. Det var det finaste komplimentet eg kunne få. Men etter kvart har det vorte gjort så mykje at eg tenkjer det er ei litt billig samanlikning. Det er vel kanskje meir ein måte å forklara ein skrivestil på. Me høyrer jo til den same skandinaviske sekken i møte med resten av verda.

Leseengasjement er meir enn leselyst. Det inneber også å vere uthaldande, å kunne konsentrere seg og å ha gode haldningar til lesing. Her er ti tips som kan fremje leseengasjement.

Skap ein kultur for lesing!

TEKST: Isabella Pareliussen FOTO: Ingvild Myklebust Hovden



1 Læraren som rollemodell

Læraren må vise engasjement! Elevane må få sjå at læraren les og har glede av bøker og litteratur. Korleis læraren rammar inn lesinga i klasserommet, kan òg vere viktig. Læraren kan grunngje kvifor lesing er viktig, og framheve at lesing kan gje nye interesser og tørst etter meir kunnskap. Læraren kan òg vise at lesing kan gje innsikt i kva det vil seie å vere menneske på ulike stader til ulike tider.

2 Alle lærarar er leseleiarar

Alle lærarar bør vise engasjement for lesing. I tillegg til å prioritere fagspesifikk lesing må lærarane ta fram tekstar som naturleg høyrer heime i dei ulike faga. Til dømes kan kroppsøvlingslærarar vise fram biografien *Historia om Erling Braut Haaland* eller *Ørjans keeperskole*. Mat og helse-læraren kan vise fram matbloggar og ulike kokebøker. Engasjement smittar!

3 Høgtlesing i klasserommet

Høgtlesing er ei estetisk fellesoppleving som alle deltek i. Høgtlesing gjer det lett å stoppe opp og undre seg over teksten i lag. Slik kan læraren modellere kva ein engasjert lesar gjer under lesinga. Det å lage seg egne bilete av det som skjer, eller å dikte vidare på det som skjer, er handlingar som ein engasjert lesar gjer, men som mindre erfarne lesarar treng opplæring i.

4 Lett tilgjengeleg litteratur

Tilgang på god og interessant litteratur kan sjølvstendig inspirere til meir lesing. Bøker og litteratur må rett og slett vise att i det fysiske miljøet. Ikkje eitt rom utan bøker, er eit kjent slagord. Det må vere naturleg med lesing i flest moglege fag og flest moglege miljø. Bilete av bøker

og lesing kan pryde veggene, og store bokhyller kan vere både vakkert og inspirerende.

5 Skulebiblioteket

Skulebiblioteket bør ha romslege budsjett til innkjøp av god nynorsk litteratur. Men biblioteket må òg vere ein hyggeleg stad å vere. Det ideelle kunne vere eit biblioteket midt i skulen som er ope heile dagen. Ein bibliotekar kan finne fram spennande litteratur og invitere til lesesamtalar, og elevane kan kanskje vere assistentar? Slik kan elevane vere i biblioteket for ulike formål, som å lese, slappe av, gjere skularbeid eller berre vere saman.

6 Relevant litteratur

Ofta ser ein hjelpelause elevane på biblioteket som vandrar mållaust rundt på leiting etter bøker. Til slutt endar dei kanskje opp med ei lita, tynn bok, skriven for yngre born enn dei sjølve. Engasjerte lesarar kan finne glede i eit stort mangfald av litteratur, medan meir umotiverte og uerfarne lesarar treng litteratur dei kan kjenne seg att i. Ein bibliotekar som kjenner elevane, kan vere til god hjelp, og nettstader som *nynorsk bok.no* eller *lesedigg.no* kan vere nyttige.

7 Tid

Fritidslesing har vorte sjeldnare, og då må vi prioritere tid til å lese på skulen. Mange skular set difor av ei fast tid til lesing. Lystprega arbeidsoppgåver etter lesinga treng ikkje vere feil. Å byggje ei verd i Minecraft eller å snakke om ei engasjerande bok kan vere motiverande. Men det kan òg gje meining å berre lese, utan å gjere noko som helst etterpå. Ved å setje av tid til lesing viser ein at lesing er prioritert i skule og samfunn.

8 Samarbeid med heimen

Det er få ting som er meir kraftfullt enn når heimen og skulen dreg i same retning. Berre det å ha bøker i heimen kan vere med på å styrkje leseengasjementet. I tillegg har høgtlesing vist seg å vere avgjerande. Høgtlesing er ikkje berre for yngre barn. Om ein høyrer ei lydbok medan ein gjer husarbeid, blir slike oppgåver mykje hyggelegare. Og dersom elevane ser foreldra leggje vekk mobilen til fordel for lesing av annan litteratur, har elevane dei beste førebileta.

9 Unngå digitale freistingar

Digitale freistingar som nettbrett og mobil kan gjere det vanskelegare å konsentrere seg om tekst. Vaksne i skulen kan vise fram korleis dei løysar slike utfordringar. Dersom læraren seier at når eg skal lese, må eg setje mobilen på lydlus og leggje han i veska, viser læraren at slike forstyringar er heilt normale, ein må berre finne måtar å hanskast med dei på.

10 Lesing i lokalsamfunnet

«It takes a village to raise a child», heiter det. For å realisere ein lesekultur trengst det mange menneske som dreg i lag. Lesing er nemleg ein sosial aktivitet. Vi les i lag, vi diskuterer bøker i lag, og vi lyttar til litteratur i lag. Lærarar, bibliotekarar og foreldre, alle menneske i lokalsamfunnet som står fram som engasjerte lesarar – alle bidreg til ein fruktbar lesekultur der barn og unge får utvikle seg til å bli engasjerte lesarar heile livet.

Er du på jakt etter gode bøker til barn og ungdom?

Finn bøker på nynorskbok.no

TEKST: **Ingvild Myklebust Hovden** FOTO: **Arild Torvund Olsen**

PÅ NYNORSKBOK.NO FINN DU omtaler av rundt 1000 bøker for barn og ungdom. Her finn du boklister og bøker for ulike aldersgrupper.

Dei fire hovudkategoriane er:

- Barnehage (0–6 år)
- Barneskule (6–12 år)
- Ungdomsskule (12–16 år)
- Unge vaksne (16+)

På nettsida kan du finne mellom anna lettlesne bøker, biletbøker, diktsamlingar, teikneseriar og romanar.

Kvifor bør barn og unge lese nynorske bøker?

– Det kjem ut svært gode bøker på nynorsk – spennande bøker, engasjerande bøker, velskrivne bøker, morosame bøker, bøker som seier noko om korleis det er å vere ung i Noreg i dag, seier høgskulelektor Arild Torvund Olsen ved Nynorsksenteret.

For å verte ein god nynorskskrivar må ein lese mykje på nynorsk. Det gjeld både for elevar med nynorsk som hovudmål og for elevar med nynorsk som sidemål.

– Å lese nynorske bøker gjev slik sett ekstra vinst til lesarane. I tillegg til livsmeistring og under-



haldning får dei både kvalitet og språkmeistring på kjøpet, seier Arild Torvund Olsen.

Kva meir finn du?

På *nynorskbok.no* finn du tips om bøker med undervisningsopplegg. Du finn også teikneseriar og biletbøker i gratis nettutgåve, tips om nynorsk krim og klassisk barnelitteratur i nynorsk utgåve.

Har du elevar i klasserommet som treng lydbok? Vi har laga ei oversikt over nynorske lydbøker for barn og ungdom i NLB-biblioteket. Ved å bruke desse bøkene kan du leggje til rette for at

alle elevane kan ta del i dei same lesaropplevingane, både dei som lyttar, og dei som les.

Bakom boka

Sida kan også by på Bakom boka, ein podkast frå Nynorsksenteret der programleiar Heidi Fagna samtalar med forfattarar som skriv på nynorsk, til dømes Maria Parr, Terje Torkildsen, Brynjulf Jung Tjønn, Kari Stai, Hilde Myklebust, Agnes Ravatn og Roald Kaldestad. Målgruppa for desse podkastane er vaksne, men nokre av dei kan også passe for ungdomar.

«Kom som du er» er ein leiken og fengjande song på nynorsk. Mange skular har teke i bruk songen og dansen etter lanseringa i april.

Den nye venskapssongen

TEKST: Ingvild Myklebust Hovden FOTO: Arild Torvund Olsen



– **ELEVANE TRENG** å sjå at nynorsk ikkje berre er dei gamle klassikarane, men også eit språk for slikt som er nytt og moro, seier høgskulelektor Arild Torvund Olsen ved Nynorsksenteret.

– Det er viktig at elevane møter nynorske tekstar på skulen. Og det er ekstra viktig at dei kjekke tinga ein gjer, er på nynorsk, legg han til.


Det er Nynorsk kultursentrum som står bak prosjektet i samarbeid med Nynorsksenteret. Låten «Kom som du er» er komponert av Synne Vorkinn saman med Bjørn Helge Gammelsæter, og Line Dybedal har sunge inn songen i studio.

– Endeleg har vi fått ein venskapssong også på nynorsk – det var på høg tid. Vi håper dette blir ein song og ein dans som vil gå igjen både i vene-

Få med klassa eller skulen din og øv inn songen. Du finn tekst, tekstvideo, lydfiler til songen og danseinstruksjonar på nynorsksenteret.no/kom

gjengar, i klasser og på skular, seier formidlingsleiar i Nynorsk kultursentrum Tone Slenes.

Instruktørar og elevvar ved Volda og Ørsta ballettskule viser dansen steg for steg i instruksjonsvideoar, slik at alle kan bli med. Dansepedagog Trude Hustad Hovdenakk har laga koreografi til dansen, og Hilde Østhuus viser refrenget med teiknspråk.



RETURADRESSE: Nynorsksenteret, Høgskulen i Volda, Postboks 500, 6101 Volda



NYNORSK PÅ 1-2-3

Nynorsk på 1-2-3 er eit nynorskkurs i teikneserieform.
På nynorsksenteret.no/materiell kan du tinge gratis
klassesett av teikneserien.